

Lærande nettverk som arbeidsmetode



Forum for oppvekst i Sunnhordland
Stord, 05.06.2015

Claus Røynesdal, programleiar Sogn regionråd
Anne Siri Bentsen, HTV Utdanningsforbundet, Luster
Ole Jørgen Øygarden, rektor Flatbygdi skule, Vik
Karin Johansen, tenesteleiar barnehage, Sogndal



Dagen i dag

Del 1: Perspektiv på utviklingsarbeid, Claus Røynesdal

Del 2: Forankring og medeigarskap, Anne Siri Bentsen

Del 3: Oppbygging av nettverk, Ole Jørgen Øygarden


Del 4: Lærande nettverk i barnehagen, Karin Johansen

Del 5: Lunsj (12.00 – 13.00)

Del 6: Arbeidsgrupper for skule og barnehage 13.00 – 13.45

Del 7: Oppsummering i plenum og avslutning 14.00 – 14.45







Sogn regionråd

Kvifor nettverk? Konklusjon:

1. Samarbeid må gje meirverdi; $2+2=5$
2. Mål: ***Å dele, skape og bruke ny kunnskap***
3. Byggjer **kompetansemobilisering**
4. Kostnadseffektivt – brøkdeler av kostnadene
5. Byggjer leiings- og utviklingskompetanse
6. Motiverande fagleg og sosialt
7. Vågar å gjere feil, freistar å gjere noko nytt



Del 1. Perspektiv på utvikling

- Ordboka: få fram, skape, modne, endre sakte...
- Bhg- og skuleutvikling: Er det berre noko enkelt og rasjonelt som å flytte gjerdestolpar?




Profesjonell kompetanse i skulen

1. Fagkunnskap
2. Didaktisk kompetanse
3. Sosial kompetanse
4. Yrkesetisk kompetanse
5. Endrings- og utviklingskompetanse

(Hilde L. Damsgaard, 2010)





Apple: Simplicity is quite complicated

Utvikling er ei rotete affære med mykje eksperiment, feiltaking og sjølvmotseiing.

Utvikling og vekst skjer ikkje på ein ryddig og planlagd måte.

Bill Gates



Utvikling er eit tveegga sverd

- Motstand
- Frustrasjon
- Usemje
- Usikkerheit
- Kamp
- Slitasje
- Lover, regler, kultur, forskrifter, prosedyre
- Lagbygging
- Relasjonelt og magi
- Kollektiv meistring
- Team, tillit, tålmod
- Medskaping
- Visjonært, mål
- Lærande organisasjon




Inspirasjon...

Knut Roald



Jan Vincents Johannesen



Roald: Dei ulike strategiane i forvaltning og utvikling

Kontrollorientert strategi

- * resultatmålingar som virkemiddel
- * brukarundersøkingar
- * systemrevisjonar
- * lovlegheitskontroll

Vedtaksorientert strategi

- * vedtak som virkemiddel
- * formell sakshandsaming
- * formelle råd og utval
- * rasjonelle avgjerdsprosessar

Opplæringsorientert strategi

- * faktakunnskap som virkemiddel
- * organisert etterutdanning, kurs, konferansar
- * styrking av formell kompetanse

Prossessorientert strategi

- * kunnskapsutvikling som virkemiddel
- * komplementære møtearenaer
- * sirkulær veksling mellom refleksjon og utprøving
- * konstituering av meining



Jan Vincents Johannesen

- Mange svever i den villfarelsen at de samler krefter ved å hvile, men krefter er jo noe som skapes ved at man arbeider mot en motstand.
- Du må gjøre deg ferdig med fortiden. Du kan ikke gå baklengs inn i fremtiden og bære på gammelt tankeskrot og gamle nederlag.
- Dyktighet er en vane. Lykke er ikke fravær av problemer, men evnen til å håndtere dem.



Prosesshjulet – Julusmoen 1991 (HiSF)



Utviklingsarbeid er også...

- Kaos og ørkenvandring – ”sjølvmotseiing og ei rotete affære”. Først og fremst ei måte å tenkje på/ bilete...
- Å leve med usikkerheit, frykt, stress – kamp og motstand
- Krev energi, risikovilje, kreativitet og nytenking
- **LE-DEL-SE**
- Motiverande leiing? Entusiasme for jobben. Omsorg for andre. Slåande godt humør.
- Meistringsmål (vs prestasjonsmål) - og indre motivasjon
- Samskaping og relasjonell forankring
- **Å byggje utviklingskapasitet og utviklingsorienterte kulturar**




Resultata skuldast utviklingslogikken

1. Systematisk samarbeid med aktørane i fylket
2. Satsing på formell etter- og vidareutdanning
3. Regionale fagnettverk
4. Sterkt regionalt samarbeid på skule/ barnehage
5. "Ut av boksen": entreprenørskap, prosjekt, partnerskapsavtaler, internasjonalisering


Lokalt/regionalt handlingsrom. Styring er naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg



Grunnskulepoeng 2012 - 2013




Grunnskulepoeng 2013-2014



”Slik vi alltid har gjort det” – i møte med det nye


Bjørn Wirkola
(det tradisjonelle, kyrkja, skulen...)



Jan Boklöv – det nye, utfordringa



Stor skilnad mellom forvaltningsleiing og utviklingsleiing



Lærande organisasjon? Ta til høyre



Betre skule om reglar blir tøygde

■ ■ Kaupanger er gallerlandsbyen ■ ■ Bra å vera passe illojal ■ ■ Smått presterer best

SOGNDAL: – I Sogn og Fjordane køyrer dei sitt eige løp, men me ser at det er bra, seier direktør Petter Skarheim i Utdanningsdirektoratet.

I det sentrale byråkratiet har dei difor late skulefylket i vest halda på med sitt, all den tid det gagnar resultatet.

Og resultatet er byggeleg, småskalfylket på Vestlandet kjem best ut på nasjonale prøver. Det er såleis ikkje slik, som Utdanningsdirektøren har sagt før, at elevar i småkommunar lærer mindre, og at problemet aktualiserer kommunesamanslåing.

Spreiddbygd

Det er fine marginar, men skulane i spreiddbygde strok høvdar seg godt målt mot skular i sentrale strok, og delvis betre.

Småkommunane sin fagstadsråd, kommunalministrar og Sp-leiar Liv Signe Navarsete, inviterte torsdag til rådslaging om emnet på Campus Sogn dal. Utdanningsminister Kristin Halvorsen, som er småskulane sin statsråd, sat ringeide. Dei to regjeringsmedlemene var ikkje åleine, nøkkelpersonar frå utdanningssektoren var der for å medverka til svar på dagens spørsmål: Kvifor kjem skulane i Sogn og Fjordane så godt ut på eksamenresultat og nasjonale prøver?

Går i eiga takt

– Me har pleid å seia i direktoratet at Sogn og Fjordane er gallerlandsbyen i skulesektoren, seier Petter Skarheim, og dreg ein munter parallell til Asterix, som forvaltar eit småsamfunn ute av takt med det sentrale byråkratiet, Romeriket.

– Sogn og Fjordane har jobba godt og planmessig på det dei ser som viktige storleikar, seier han, og fullfører asterix-parallellen: – Alle har gått ut over fullmaktene sine!

Språkleg identitet

Direktøren seier det er nærliggande å måla mot Finland, som har verdas beste utdanningsystem.

Han trur dei gode resultata



RÅDSLAGING: Dei to statsrådene, Liv Signe Navarsete frå Sp og Kristin Halvorsen frå SV, tek del i ein samtale på Campus torsdag om bakgrunnen for dei gode skuleresultatene i Sogn og Fjordane.

kan forklart ut frå mange tilhøve. Dei kulturjevne er relevante, som språket (målet) og identiteten knytt til målet og bygda.

– Dei gode vilkåra har vore der, lenge, og de har lukkast med å vedlikehalda dei, men dette må de vera budde på å forklara, for det vil kome utdanningssturar, som vil lære av Sogn og Fjordane, seier utdanningsdirektøren.

Mogleg og umogleg

Professor Edvard Befring understrekar behovet for ein rektor sitt handlingsrom.

– Geir Navarsete og Kaupanger skule har nytta dette rommet, han har ikkje gått lojalt etter rammene, men skapt skulen i samhandling med miljøet omkring seg, seier nestoren i norsk skuleforskning.

Skulesjef Arne Berg i Stryn understrekar det siste: – Det er to sider ved lovverket, det moglege og det umoglege, å skjela til kum det moglege er kanskje trygt, men fører gjerne til mid-

dels resultat, seier han, og fremjar to ynskjemål overfor utdanningsministeren, avteoretisering og større handlerom.

Dei to ytterpunkta

Edvard Befring meiner det er generelt lite fruktbart å fokusera på gjennommitt-prestasjonen.


– Ytterpunkta må få meir merksemd, seier han, og tek til orde for at talentet også må gjevast vilkår, men også dei som har vanskar. Og kvifor er det gjennomgåande bra i Sogn og Fjordane?

– Me er eit bygdesamfunn, i bygdene tek ein vare på kvarandre, det er nok ein svært tungvegande faktor om dei gode skuleresultatene i dette fylket skal forklarast.

Rosar stå-på-vilje

Utdanningsministeren har sans for skulefylket Sogn og Fjordane si lett avvikande åferd i skulesektoren.

– Eg er imponert over samarbeidet og dei mange møteplass-



GALLERLANDSBYEN: Kaupanger og dei mange småskulane i Sogn og Fjordane formulerer seg, frå venstre professor Edvard Befring, statsråd Kristin Halvorsen,

er eit produkt av gallerlandsbyen, det lett eigenrådde skulefylket, slik det sentrale styringsverket god- utdanningsdirektør Petter Skarheim og rektor Geir Navarsete.

ane laga for dette formålet, seier statsråden, og blir supplert av direktøren sin, som peiker på Sogn og Fjordane-modellen sin stå-på-vilje og evne til å utnytta handlingsrom i lovverket.

Høgskulen si rolle

Og kva kan Staten læra? Kanskje ligg det lærdom i

Staten forlenga arm, herunder den utviklingsrolla Fylkesmannen, gjennom utdanningsdirektør Åslaug Krogseter, har teke i samarbeid med Høgskulen. I dette to-spennet har det lukkast løfta utfordringane over kommunenivået.

– Andre stader i landet er det Staten, og berre Staten, som har legitimitet til å gjera dette,

seier Petter Skarheim.

Beste lærarane

Men dette er Sogn og Fjordane, fylket med det best utdanna lærarane i landet, nettopp fordi Lærarhøgskulen har fått halda seg med sin eigen modell, i alle år.

– Staten skal vera til støttes, men ikkje med strengt

utforma regelverk frå sentralt hald, seier Rasmus Stokke, dekan ved Høgskulen.

Professor Edvard Befring og Åslaug Krogseter er skjent samde om eitt: Det er ingenting som heiter svake elevar. Ein rektor frå ein annan landsdel blei sitert på omgrepet «dårlig elevmater-

iale». – Ein rektor i Sogn og Fjordane ville aldri ha sagt noko slikt, seier sistnemnde.

Terje Eggum
terje.eggum@skogregion.no

– Det skortar på basiskunnskap

SOGN DAL: Kva basiskunnskaper bør elevar ha når dei skal inn på vidaregåande?

Det var tema for lærarane Oddbjørn Skjerdal og Jostein Heggstad sitt timelange møte med utdanningsminister Kristin Halvorsen torsdag kveld.

Statsråden sette seg ned, saman statssekretter Roger

Sandum, på eit kontor i Campus, og inviterte dei to til å fyra laus.

Minst like relevant

– Formålet var å retta søkjelyset på kva utfordringar skulen står overfor, seier Oddbjørn Skjerdal.

Dei to er lærarar på yrkesfaglege linjer ved den vidaregåande skulen i Sogn dal. – Statsråden lytta med interesse på synspunkta våre, seier Odd-

bjørn Skjerdal, som nytta høve til å understreka at kravet til basiskunnskap er minst like relevant på yrkesfaglege retningar.

Må ha kunnskap

Dei to er kritiske til standardar som, sitat: «...eleven skal ha kjennskap til».

– Å ha kjennskap til likt og ulikt er greitt, når me har å gjera med ivesentlege ting, seier Oddbjørn Skjerdal, men det

stiller seg annleis når det er tale om vesentlege sider ved å utseva eit yrke.


– Når ein er handverkar skal ha 500 kroner timen for tenestene han utfører, må han ha kunnskap om, ikkje berre kjennskap til, seier dei to.

God arbeidsøkt

– Eg trur statsråden var tilfreds med innspelene våre, seier Oddbjørn Skjerdal, som ynskjer understreka at det var ein sær


øppegående utdanningsminister dei hadde høve til å drøfta skulekvardagen med. – Det var ei god arbeidsøkt, seier dei to, som er lærarar ved bygg og anlegg i Sogn dal.

SKULEKVARDAGEN: Utdanningsminister Kristin Halvorsen hadde torsdag kveld eit langt og fruktbart møte med dei to lærarane Oddbjørn Skjerdal og Jostein Heggstad.



Sogn regionråd

Den tradisjonelle ”kvalitetsmodellen”



Fokusområda for skulane som gjer det knakande godt - dei metodiske grepa

- Struktur
- Omdømme
- Prosess
- Kompetanse
- Kultur




RESULTAT er sluttproduktet/ summen av grepa



«Kaupanger koden»

(Claus Røynesdal, SR)



Dr. polit Trond Buland/ NTNU: "Utdanningsforbundet eit suksesskriterium"



Del 2: Medskaping og forankring


- Den nordiske modellen
- Respekt, forventningar og avklaringar
- Eige saman
- Kor er vi?
- Kor skal vi?
- Korleis kjem vi oss dit?
- Vi kan skipe til, nett det vi vil!



Forventingar påverkar oss mykje meir enn vi trur



Partnerskap for utvikling



Forskningsprogrammet "Lærende regioner"

Starta i 2012. 12 mill kr frå Noregs Forskningsråd

*"For det første skal vi undersøke hva som gjør
at Sogn og Fjordane presterer*

***uforholdsmessig godt** på Nasjonale prøver"*

Korleis heng dette saman?



”Annerledestenker” Bjørn L. Tønnesen

- Utd. dir. 1992 – 2009. Høg på utviklingsorientering, høg på kollektivt fokus/ relasjon
- Etablerte Forum for bhg- og skuleutvikling i 1997
- MÅL: Ambisjon! Lærande organisasjon og å byggje utviklingskapasitet



Forum for barnehage- og skuleutvikling i Sogn og Fjordane

- Sjølve nøkkelen til å forstå Sogn og fylket
- Grunnmur og reisverk for samarbeidskulturen
- Deltakarane er: Fylkesmann, fylkeskommune, KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, kommunane, Skuleleiingarforbundet og Utdanningsforbundet
- Det spesielle er ikkje at det er etablert ein slik struktur – men at den fungerer...



Eit lærande utdanningssystem?

Definisjon i denne studien: *Relasjonane* mellom aktørar som arbeider med utdanning



Konklusjon til dosent Øyvind Glosvik

- Ein forskjell som betyr noko: Gode relasjonar som bind saman deler av eit system til noko som fungerer på eit høgare nivå enn delsystema klarer.
- Målet med systemet er å få gode skular og å få vektlagt utdanning, ikkje å skape gode skuleresultat.
- Det er eit funksjonelt utdanningssystem.




Konklusjon Øyvind Glosvik

Det som skapar funksjonalitet:
Relasjonane



Eit lærande utdanningssystem



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem



Aktør eller brikke?

- Kvar rolle skal vi ha – eller vil vi?
- Kva saker vil vere viktige framover?
- Korleis skal vi arbeide **i lag** for å komme i posisjon?

Prioritere!



Læring – speiing av kunnskap

- Spreiing skjer ikkje gjennom tradisjonelle kurs, førelesingar eller bøker, men ved å jobbe tett med kjelda:
 - samarbeide om oppgaver
 - observere, stille spørsmål og diskutere,
 - imitere eksperten,
 - få tilbakemelding



Øyvind Glosvik om S&F:=

A difference that make a difference

Tradisjonell styringskjede

- Stortinget
- Departement
- Utdanningsdirektorat
- Kommunestyre
- Rådmann
- Kommunalsjef
- Rektor
- Lærer
- Elev

Sogn og Fjordane modellen

1. Forum for Barnehage- og skuleutvikling
2. Barnehage- og skuleutvalet
3. 26 kommunar delt i fire Barnehage- og skuleregionar
4. Dei 8 kommunane i Sogn: Eige programstyre for utvikling: Partnerskap:
"Sats på skulen – snu Sogn"
2006 – 2012, "System for styrka læring" 2013-2021



Sats på skulen – snu Sogn 2006 - 2012

Skule- og barnehageutvikling i regi av kommunane
i Sogn regionråd, 2006 – 2012

– Satsing på skule, bhg og entreprenørskap

Fokus

- Leiarutdanning
- Fagnettverk
- Eigarrolla til kommunane



System for styrka læring 2013 - 2021

Mål: "Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning"

6 programområde i Overordna programplan:

1. Systemisk arbeid/ lærande organisasjon
2. Motivasjon og meistring
3. Entreprenørskap
4. Psykisk helse
5. Vurdering for læring
6. Tidleg innsats




Suksesskriteriane

- Samarbeid – formelt og uformelt
- Politisk forankra og eigd satsing: Avgjerande
- Administrativt eigd i styringskjeda
- Samskaping og eigd av aktørane i bhg/ skule
- Utvikling gjennom partnerskap, t.d:
Partnerskapsavtalene om bhg og psykisk helse



Utviklingsarbeid krev foranking, medeigarskap – og tek tid

(Tore Skandsen, IMTEC. 6-18 mnd, 3 år, 5-7 år)



Cluster/ samling av utviklingslogikk/ særleg utviklingsorienterte aktørar

- Styrarane
- Rektorane
- Statped Vest
- Sogn regionråd
- Utdanningsforbundet
- Ungt Entreprenørskap
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane



Kjenneteikn på spesielt gode skular

1. AMBISJON på vegner av elevane
2. Tydeleg, aktiv og relasjonell leiing
3. Gode på metode, verktøy, prosess, **medskaping**
4. Entreprenørskap er ein strategi for utvikling
5. Internasjonalisering/internasjonale prosjekt
6. Samarbeid med eksterne aktørar; Høgskulen i S&F, Ungt Entreprenørskap, Statped Vest
- 7. Aktive i og ansvarlege for regionale nettverk**



Del 3: Konkret om oppbygging av nettverka i Sogn

- Oppbygging og organisering
- Døme
- "Gullrekka"



Om lærande nettverk

- ◆ Vilkår/føresetnader for å lukkast (eigne erfaringar)
- ◆ **Leiaren (rektor) avgjerande**
- ◆ **Klare, definerte mål med arbeidet**
(mandat/oppgåve)
- ◆ **Gje og få**
- ◆ **Engasjera lærarar, betre praksis**
- ◆ **Systematikk**
- ◆ **Behov**



FOS: Tenk gjennom...

- Korleis får vi gode **lærande** nettverk, ikkje berre fagnettverk ?
- Korleis nyttar vi fagnettverka til vidare utviklingsarbeid i skulane
der erfaringsutveksling og forbetring av praksis får sentral plass ?
- Korleis få «alle» til å sjå at dette er god bruk av tid ?
Forankring, ikkje for mange ballar i lufta, satsingsområde, utviklingsplan, arbeidstid. Kor mykje og når ?



Døme på ulike nettverk

- Matte, norsk , engelsk kvart år på alle trinn.
- Musikk, naturfag, kroppsøving vekslar 2-3 år
- Spesialpedagogikk
- Psykisk helse
- Kjem til hausten : Nettverk i IKT som grunnleggande dugleik. (Inspirert av Torgeir Waterhouse, IKT Norge)
- Nettverk i valfag ungdomstrinn til hausten.
Erfaringsutveksling ., fagplanar, praksis-




Utfordringar

- Tid . Planleggingsdagar ? Ein eller to ?
- Skuleruta. Felles dagar vidaregåande – grunnskule.
- Felles planlegging gr.sk / vid.
- Ulike satsingsområde – behov. Ungdomstrinnsatsing – ståstatsanalyse.
- Forpliktande. Ikkje alle er like førebudde.
- 1.-7.klasse . Utfordrande å treffa med tema-innhald. Bør til tider spissast med småskule / mellomtrinn.



Aktivitetar i fagnettverk



Satsing på nettverk i Sogn

- 29 grunnskular, 5 vg skular 42 barnehagar
- 8 kommunar, 28 000 innbyggjarar
- 21 nettverk for skule, 8 for barnehage

- Andre nettverk i Sogn: rådmenn, skulesjefane, nærings sjefane, ungdomsarbeidarane, helse og sosialeiarar



Fagnettverk i Sogn - frå 1999

- Politiske vedtak – etterkvart i 2006
- Strategiske nettverk; rektornettverk og rådgjevarnettverk
- Tverrfaglege; psykisk helse, entreprenørskap og spesialundervisning
- Spesifikke fagnettverk som norsk, tysk, engelsk osv.
- Infrastruktur for u-satsinga





Døme på nettverk i kjernefaga

- gullrekka

- nettverk er pedagogisk leiing frå rektor



Korleis byggje opp nettverk som ein regional kompetansestrategi?

1. Start i det små, med nokre sentrale: regionalt rektornettverk, norsk, matte og engelsk – relevant for mange lærarar
2. Kommunane/ skulane gjer avtale om at de har ein felles dag ved oppstart av skuleåret til nettverk (14. eller 15. august) – og 2. januar



Korleis byggje opp nettverk...2

3. Lag program og planlegg dagen. Sjå prosedyre
4. Start med konkrete kjerneoppgåver
5. Start med høg grad av ansvarleggjering og deltaking. Balanser med eksterne førelesarar



Korleis byggje opp nettverk...3

6. Gjensidig forplikting hjå deltakarane er eit nøkkelord. Krev aktiv deltaking
7. Ved fyrste gong: Ta med dei som er mest motiverte og engasjerte; Yes we can!
8. Årleg evaluerings- og planleggingsdag om våren



Frå taus til artikulert kunnskap om nettverk i Sogn

Etter 12 år fann vi, omsider, trong for ein prosedyre. Opplæring av nye folk i kulturen vår.

[http://www.sogn.regionraad.no/framsida.159325.
nn.html](http://www.sogn.regionraad.no/framsida.159325.nn.html)



Nettverk er kultur for samvirke: Mange steg mot ein lærande organisasjon

Samvirke, gjensidig forplikting, byggje kollektiv kompetanse

Vs. kvar skule i si eiga sjø



Knut Roald: 7 bod for nettverk

1. Alle må vere skriftleg førebudde
2. Leiarane for nettverka må ha reist førebuingsspørsmål på førehand
3. Ein må ikkje gå frå kvarandre før ein har avtalt konkret kva ein skal gjere til neste gong
4. Møteleiing på omgang



Knut Roald: 7 bod for nettverk

5. Rekkeframlegging. Kvar deltakar legg fram sine synspunkt før diskusjonane tek til
6. Diskuter det positive med eit forslag/ tiltak, før ein diskuterer det negative/ utfordringane
7. Ikkje avslutt nettverket utan å bli einige om milepælar og ansvarlege til neste møte



Del 4: Lærande nettverk i barnehagen

- Utvikla frå skulane
- Står på eigne bein
- Rammeplan er utgangspunktet
- 7 regionale nettverk
- Og - styrarnettverk
- Barnehagestemne
- Studietur



Konkret organisering

- Lita arbeidsgruppe på fire "dedikerte"
- Eigd av alle styrarane (42 bhg, priv. og komm.)
- Rapporterar til kommunalsjefane og programstyret
- Kompetanseplanen - søknad til FM
- Lage prosedyre for hovudvegen



Motoren: Styrarane

- ❑ Leiarstudiet, bevisstgjerung på leiarrolla
- ❑ Nettverksamlingar 2-3 per år
- ❑ Felles satsing på kunnskap og kvalitet i heile barnehagesektoren
 - ✓ Samarbeid med Høgskulen
 - ✓ Samarbeid med NAV
(Partssamarbeid om helsefremmande arbeidsplassar i barnehagen)
 - ✓ Samarbeid med fylkeskommunen
(Frå realkompetanse til formalkompetanse)



Kompetanseplan

Høgskulen
HiSF

Samle alt relevant i ein plan, inkl. FM sine samlingar

- Arbeidsgruppe
- Styrarnettverk
- Fagnettverk, Rammeplan
- Barnehagestemne
- Studietur
- Nettside - informasjon og læringsarena- Wikispaces
<http://fagnettverk.wikispaces.com/Heim>
- Omdømmebygging



NAV



Utviklings-og kompetanseplan barnehagane i Sogn regionråd 2014-2015

SATSINGSOMRÅDE	DATO	MÅLGRUPPE	TEMA	AKTIVITET	ØKONOMI
Arbeidsgruppa	27.08.14	Arbeidsgruppa	Planleggje	Planlegging	Internt, eigendel
"Kunst, kultur og kreativitet"	17.09.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
"Tal, rom og form"	25.09.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
"Kropp, rørsle og helse	01.10.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
"Kommunikasjon, språk og tekst"	26.11.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
"Etikk, religion og filosofi"	30.09.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Fagdag på HiSE "Eit barn, to språk, mange moglegheiter"	Kommunalt, eigendel
Styrarnettverk	06.11.14	Styrarane	Fagleg innhald	Arbeidsmøte	Kommunalt, eigendel
"Natur, miljø og teknikk	12.11.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
Barnekonferansen "Nærmiljø og samfunn"	18-19.11.14	Førskolelærar	Tverrfaglig samarbeid	Konferanse	Regionråd dekkjer det nettverket som deltek
"Nærmiljø og samfunn"	26.11.14	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Kurs, fagleg påfyll	Kommunalt, eigendel
"Kropp, rørsle og helse"	02.01.15	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Nettverksamling, forarbeid/førelsing	Kommunalt, eigendel
"Kommunikasjon, språk og tekst"	02.01.15	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Nettverksamling, forarbeid/førelsing	Kommunalt, eigendel
"Etikk, religion og filosofi"	02.01.15	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Nettverksamling, forarbeid/førelsing	Kommunalt, eigendel
"Tal, rom og form"	02.01.15	Deltakarane i nettverket	Fagleg innhald	Nettverksamling, forarbeid/førelsing	Kommunalt, eigendel
"Natur, miljø og	02.01.15	Deltakarane i	Fagleg innhald	Nettverksamling	Kommunalt, eigendel

- Wiki Home
- Recent Changes
- Pages and Files
- Members

Search

Kommunikasjon, språk og tekst
Kropp, rørsle og helse
Kunst, kultur og kreativitet
Natur, miljø og teknikk
Etikk, religion og filosofi
Nærmiljø og samfunn
Tal, rom og form

Barnehagestemne
Styrarnettverk
Styringsgruppa
System for styrka læring
Fagnettverksansvarlege


Heim

Sogn regionråd


Utviklings- og kompetanseplan 2014-2015



Innkalling til styrarnettverk 11-12 juni 2015

 Program styrarsamling Vatnahalsen 11.-...
[Details](#) [Download](#) 71 KB

"Lærnde regionale nettverk - ei metode for utvikling av barnehagesektoren" v/ Claus Røynesdal.

 Sogndal 03.02.2015 Styrarnettverket - Læ...
[Details](#) [Download](#) 6 MB

Fagnettverk i psykisk helse 19. mars 2015 i Sogndal, frist for påmelding 5 mars.

 Fagnettverk i psykisk helse program 19.0...
[Details](#) [Download](#) 297 KB



Barnehagane i Sogn byggjer nettverk

■ ■ Felles studietur ■ ■ Minoritetspråklege born

DANMARK: Målet med turen var å auka kompetansen på arbeid med minoritetspråklege born i barnehagen.

27 barnehagetilsette, med ulik stástad og profesjonar, i Sogn sette kursen mot Shäffergården i Danmark.

Like viktig som tema for turen, var å leggja grunnlaget for vidare arbeid i eit eige fagnettverk på tvers av barnehagar og kommunar.

– Gjennom fond for Dansk-Norsk samarbeid fekk me innvilga søknad om stipendiatopphald på Shäffergården. Det er eit nordisk hotell – og konferansesenter, som har til formål å auka forståing og samarbeid mellom Danmark og Noreg, fortel Hilde Valvik Menes, leiar for styrarnettverket og styrar i Askedalen barnehage i Leikanger.

Høgskulen

Styrarar, pedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar, assistentar og høgskulen er blanda i same nettverk med felles mål og verta meir kompetente vaksne for barn, og auka kvaliteten på læringsmiljøet i barnehagen. Det nye er at gjennom samarbeid med



27 PÅ STUDIETUR: Barnehagetilsette i nettverk for å auka kvaliteten på læringsmiljøet.

(Privat foto)

høgskulen, vert både studenter på barnehagelærarutdanninga og fagfolk på høgskulen involverte i fagnettverket.

På timeplanen stod interne foredrag frå fagnettansvarlege og eksterne foredrag frå danske ressurspersonar og praktisk presentasjon.

Lesing

– Eitt tema me vil ta fatt på er dialogisk lesing, eit utvida leseomgrep som handlar om å

utvida mulegheitene som ligg i møte med barnelitteraturen. Dette vil me læra meir om og prøva ut i eigen barnehage til neste nettverkssamling.

– Me har hatt ein fantastisk start på fagnettverket og set stor pris på erfaringane me har gjort oss i Danmark. Takka vera regionrådet ved prosjektansvarleg Claus Røynesdal, stor dugnadsarbeid frå dei ansvarlege i Leikanger kommune og dei danske samar-

beidspartnarane, har me fått den beste starten for vidare nettverksarbeid, seier Valvik Menes.

Barnehagestemne

I januar vil Sogn regionråd arrangera Barnehagestemne for andre gong. Då vil alle tilsette i barnehagesektoren i Sogn bli inviterte.

– Dei 42 private og kommunale barnehagane i Sogn går nokre spanande år møte.

Gjennom eit forpliktande samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane skal me vidareutvikla kvaliteten. Barnehagane er ein viktig læringsarena, både for borna og dei tilsette. Denne vil me utvikla vidare, Trivsel, utvikling og kvalitet skal stå i høgetet, seier Valvik Menes.

Eil Grøtje
eil.groetje@sognv.no



Sogn regionråd

Dei vanskelege utfordringane

1. Forankringa mot skule-barnehageregion, deira rolle
2. Kommunikasjon er ei utfordring
3. Forstå at det er utviklingsarbeid
4. Akseptere kaosfølelse i periodar
5. Å drive kunnskapsutviklande møte
6. Finne struktur på å bli lærande organisasjonar
 - I skulane/ barnehagane
 - I nettverka
 - I rektorgruppa/ styrargruppa





Dei "enkle" utfordringane - praktisk gjennomføring

- Tidsbruk
- Sjukdom
- Vikar
- Ikkje lovpålagd
- Førebuing/mellomarbeid
- Det kostar
 - sjølv om det er billig



Også noko "kjedeleg" arbeid

- Påmelding, avmelding, registrering, deltakarliste
- Usikkerheitsmoment: deltaking, sjukdom, likar folk programmet, kaos
- Søknad om midlar, rapportering
- Hjelp til introduksjon, "toastmasterfunksjon", organisering av sjølve dagen, gåver, nok mat, gjere alle til lags
- Etterarbeid; utsending av materiale, info på nettside, fakturering
- Tåle frustrasjon, vurdering i ettertid



Utfordringar: Sikre kvaliteten

- Sikre gode læringsprosessar for alle
- Kontinuitet og progresjon
- Gi arbeidet i nettverket retning og fokus
- Arbeid systematisk med mål, gjennomføring og evaluering av nettverka
- ”Skal du går fort, gå åleine. Skal du ha folk med deg, må du gå sakte – og ha retning”



Effekten av regionale fagnettverk

”Det som skjer no er den største utviklinga vi har opplevd i barnehagesektoren sidan 1980”.

Gunn Haugen, styrar i Sogndal

”Etter snart 40 år i barnehagen er denne satsinga det største faglege løftet eg har opplevd. Vi er ikkje usynlege lengre”, Kari Gravdal, ped.leiar Vik



Entusiasten



Medspelare

Suksesskriterie

Kvifor nettverk? Konklusjon:

1. Samarbeid må gje meirverdi; $2+2=5$
2. Mål: ***Å dele, skape og bruke ny kunnskap***
3. Byggjer **kompetansemobilisering**
4. Kostnadseffektivt – brøkdeler av kostnadene
5. Byggjer leiings- og utviklingskompetanse
6. Motiverande fagleg og sosialt
7. Vågar å gjere feil, freistar å gjere noko nytt



Del 6: Oppgåvene til arbeidsøkta

Føresetnad:

- Diskusjon i tråd med kunnskapsutviklende møte. Ein i gruppa skriv/ sender til Jan

Oppgåve:

1. Kva kan vi ta med oss i vårt arbeid?
2. Korleis skal vi gripe dette vidare?



Del 7:Konklusjon...

Nokre trådar til avslutning....



Nettverk er kultur for samvirke: Mange steg mot ein lærande organisasjon


Samvirke, gjensidig forplikting, byggje kollektiv kompetanse

Vs. kvar skule i si eiga sjø




Utviklingsarbeid krev foranking, medeigarskap – og tek tid

(Tore Skandsen, IMTEC. 6-18 mnd, 3 år, 5-7 år)



«Kaupanger koden»

(Claus Røynesdal, SR)



Vegen vidare

Bruk tid – men ikkje for mykje tid

Forankring – leiarskap, medeigararskap,
snakke om, vedtak, forplikte, tålmod

Gjøre - Just do it, Yes we can

Plukk «lågthengande» frukt

Teknisk kvil etter 10 minutt..

Fly og jobb i formasjon: 71% effekt!



Takk for oss!



Sogn regionråd
